

Referat 9. mai 2017

Stad: Universitetet i Bergen, institutt for informasjons- og medievitenskap, Fosswinckelsg. 6 (møtet var først bestemt til Bodø, men vart av praktiske og økonomiske grunnar flytt til Bergen).

Til stades: Lisbeth Morlandstø, Magnus Hoem Iversen, Lin Prøitz, Svein Høier, Roswitha Skare og Terje Skjerdal (ref). Redaktør i Norsk medietidsskrift (NMT), Jens Barland, deltok på telefon under sakene som galdt NMT (sak 6 og 7).

Forfall: Tine Eide. Observatør frå Nordicom var heller ikkje til stades, sidan det ikkje er oppnemnd ny norsk Nordicom-kontakt etter Ragnhild Mølster (som er nyleg gått ut i to års forskingspermisjon).

1. Godkjenning av innkalling

Godkjend utan merknader.

2. Godkjenning av referat frå førre møte, 4. april 2017

Godkjent utan merknader.

3. Orienteringar m.m.

- **Nye medlemmer:** Ein ny medlem sidan sist møte. Det har ikkje kome mange nye medlemmer i vinter. Tradisjonelt kjem dei fleste når det er konferanse med rabatt for medlemmer. På epostlista til NML står det no 282 oppføringar, men talet på medlemmer er ein del mindre (ca. 100 færre), sidan det er enkelte som er oppført med fleire epostadresser, og ikkje alle på epostlista er medlemmer. Sekretæren vil ta ei opprydding i epostlista etter at Universitetsforslaget har gjennomført purring på medlemskontingent (hovudforfall var 2. mai). For å rekruttera fleire medlemmer, vil me dette året særleg fokusera på nyleg ferdige masterstudentar, samt PhD-studentar. Lisbeth og Terje lagar eit kort skriv til utdanningane for å informera om ordninga med gratis medlemskap det første året etter fullført master (men det må liggja klar informasjon om dette på nettsida først).
- **NordMedia 2017, Tampere, 17.-19. august:** Dagen før konferansen er det prekonferanse for PhD-studentar. Kva med noko liknande framfor den norske konferansen i 2018?
- **Database for nordisk medieforskning:** Nordicom (www.nordicom.gu.se) er i ferd med å oppdatera databasen sin for å få fullstendig oversikt over all medieforskning som er gjort i Norden. Skal òg oppdatera informasjon om PhD-studentar.
- **Økonomi:** Magnus (kasserar) orienterte kort om kasseraroppgåva. Laget har framleis god økonomi.

4. Nettsida (www.medieforskerlaget.no)

Nettsida treng oppdatering. Magnus prøver å gjera nokre umiddelbare oppdateringar i samarbeid med Roswitha. Den påtenkte studentassistenten vil få eit visst ansvar for å halda nettsida ved like. I tillegg meiner styret at det er i orden å bruka den profesjonelle nettutviklaren som står bak sida til enkelte oppdateringar i løpet av året, sjølv om det har ein høgre pris.

Når det gjeld studentassistenten har det vore dårleg respons ved UiO (utlysing sendt ut tidlegare i vår). Magnus prøver å senda utlysinga ut til masterstudentar ved UiB, for å sjå om det er nokon som er interesserte der.

Studentassistenten vil i tillegg til nettsida få ansvar for å senda ut nyheitsbrev. Styret meiner at tre nyheitsbrev i semesteret er ein passende frekvens.

Roswitha går gjennom nettsida og lagar liste over nødvendige oppdateringar.

5. Norsk mediekonferanse i Bodø okt. 2018

Lokal arrangementskomité har byrja arbeidet, med Lisbeth som leiar.

Datoar er bestemt: 18.-19. oktober 2018 (torsdag-fredag).

Styret gav innspel til program og namn på hovudtalarar.

6. Norsk medietidsskrift (NMT) – vedtekter

Redaktør Jens Barland var med på telefon i sak 6 og 7.

NMT har ikkje eigne vedtekter, men er femna av §4 i vedtektene til NML. Det synest ikkje som eit umiddelbart behov for eigne vedtekter, men redaksjonen vil vurdere om det eventuelt er trong for meir spesifikke paragrafar.

7. Norsk medietidsskrift (NMT) – tal på artiklar

Redaksjonen har for tida stort tilfang på artiklar (minst ti som er i «køen»). I 2017 er det berre eit «fritt» nummer, dei andre tre er opptekne av temautgåver. Det er i utgangspunktet berre plass til tre fagfellevurderte artiklar i kvart nummer (fire nummer i året). Redaksjonen kontaktar Universitetsforlaget for å undersøkje prisar for eventuelt å utvida utgåvene.

8. Førebuing av generalforsamling i Tampere

NML har (som vanleg) generalforsamling på NordMedia. Frå styret møter Lisbeth, i tillegg til anten Lin eller Magnus.

Oversikt over val:

- **Styret:** Roswitha Skare (fast repr), Svein Høier (vara) og Anders Fagerjord (vara) er på val. I tillegg seier Lin Prøitz (fast repr) seg villig til å vera på val, sjølv om ho vart vald inn for to år i oktober 2017. Dette for å koma meir i rute med utskifting av ca. halve styret annakvart år. (Må i så fall godkjennast av generalforsamlinga.)

- **Valkomiteen 2016-18:** Brita Ytre-Arne, Anne Hege Simonsen og Sara Brinch (ikkje val i år).
- **Revisorar 2016-18:** Rune Klevjer og Kenneth Andresen (ikkje val i år).

9. Eventuelt

- **Scientific Advisory Board, Nordicom:** Den norske representanten (Kristin Skare Orgeret) treng avløyning i 2018. Dei er særleg ute etter unge menn. NML sender inn nokre aktuelle namn til Nordicom.
- **Nestleiar:** Styret oppnemner Lin som nestleiar etter at Ragnhild har gått ut av styret.

10. Neste møte

13. juni 14-15 (Skype)

Terje Skjerdal (ref)